

Varelagerskjema m.m. til årsoppgjeret 2015

Vi har i år utforma eit nytt varelagerskjema som skal vere meir lettfatteleg og enklare å fylle ut.

Varelagerskjemaet er delt i fire deler:

1. Varelager pr. 31.12 (sjølvprodusert varelager til eige bruk, sjølvprodusert varelager for sal, innkjøpt varelager, opplysningar om arealbruken siste sommar, og oppgåve over privat uttak av produkt frå jord- og skogbruk.)
2. Oppgåve over dyretal 31.12
3. Opplysningar til sjølvmeldinga
4. Nøkkeltalsanalyse og effektivitetskontroll

Ark nummer 3 «*opplysningars til sjølvmeldinga*» er eit nytt ark vi har teke med i år for å få inn alle opplysningar som trengs for å fylle ut sjølvmeldinga på ein korrekt måte og for å få med alle frådrag.

Elektronisk levering:

Vi har i år laga eit skjema som er meir eigna til å fylle ut elektronisk i Excel. Det er framleis heilt greit å levere på papir også.

Viss du ønskjer å levere elektronisk finn du skjemaene på heimesida til Klepp Rekneskapslag. Der opnar du kvart skjema i Excel, fyller dei ut, så lagrar du det (gjerne i PDF format) og sender det til oss som vedlegg til ein e-post. Sender du det inn elektronisk på e-post treng vi ikkje underskrift. På denne måten slepp du å skrive ut skjemaene og skanne dei inn igjen etter at du har signert. Men skriv i e-posten kven som er avsendar av skjemaene.

Vi har låst de cellene der det ikkje skal skrivast noko, slik at det er lettvint å hoppe frå rute til rute i skjemaet ved hjelp av tab knappen på tastaturet.



Takk for godt samarbeid i året som har gått!

Skjemaene returneras i utfylt stand til Klepp Rekneskapslag SA seinast 7. januar 2016.